



**Også i år har det vorte halde ein fest for førsteklasingane og som i dei tidlegare åra hadde dei einskilde klassane førebudd innslag.**

**Elevane viste igjen at dei meistrar både song, dans og ulike formar for dramatisering, slår nettavisa til oppvekstsenteret fast.**

**Andreklassa hadde song og dans medan tredjeklassa stilte med ein britisk rap om klede.**

Fjerdeklassa dansa hiphop som om dei aldri hadde gjort noko anna.

Femteklassa hadde ei lita og morosam dramatisering av Trolle som kunne tie stille av Andre Bjerke.

Sjetteklassa meistra godt Livet på ein bondegard og dramatiseringa av Hanen stend på staburshella

Sjuandeklassa viste sketsjar om gamle damer på tur og om bygdesladder.

Dei nye førsteklasingane runda av med Historien om 3 små fisk og fortalde kva dei var opptekne av, til dømes nye plenar og kyr.

